

Lars Jørgen Vik

Ung i Volda og Ørsta 2003

Ei undersøking om livsstil og livskvalitet mellom ungdom i Volda og Ørsta

Høgskulen i Volda Møreforsking Volda

2003

Prosjekt	Ung i Volda og Ørsta
Prosjektansvarleg	Møreforskning Volda
Prosjektleder	Lars Jørgen Vik
Finansiering	Volda kommune og Ørsta kommune
Forfattar	Lars Jørgen Vik
Ansvarlege utgjevarar	Møreforskning Volda og Høgskulen i Volda
ISBN	82-7661-182-6 (elektronisk versjon) 82-7692-197-3 (trykt versjon)
ISSN	0805-6609
Sats	Bente Lien
Distribusjon	www.hivolda.no/fou

Om arbeidsrapportserien:

Arbeidsrapporten er faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller lærematriell knytt til undervisningsføremål. Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleder (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO/MFV. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Forord

Denne rapporten gjengir resultat frå ei undersøking som er gjennomført for Volda og Ørsta kommune. Midt-Norsk Kompetansesenter for rusfaget har finansiert prosjektet.

Ei styringsgruppe som har bestått av ordførarane, lensmennene og skulesjefane i dei to kommunane, har hatt den øvste leiinga av prosjektet.

Ei arbeidsgruppe som har bestått av SLT-koordinator Kjellfrid Hovdenakk, Tone Kvammen, May Lisbet Lande, Ellen Engeset og Tove Eivindsen, har gitt mange gode og konstruktive innspel når det galdt utarbeidinga av spørjeskjemaet og gjennomføringa av prosjektet. Spesielt er det grunn til å nemne Kjellfrid Hovdenakk. Utan hennar pågangsmot og entusiasme ville dette prosjektet truleg ikkje ha vorte gjennomført.

Fred Igland har på ein svært kompetent måte ført over informasjonen frå spørjeskjema til det dataprogrammet som er nytta for analysen av materialet, "Statistical package for the social sciences" (SPSS).

Kåre Heggen har gitt verdfulle og konstruktive kommentarar til ein tidlegare versjon av manuset.

Takk til alle saman!

I 2002 gjennomførde *Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring* (NOVA) ei større landsomfattande undersøking mellom dei same aldersgruppene som vi har gjort i dette prosjektet. Dette arbeidet var finansiert av Noregs forskingsråd. Vi har fått tilgang til datafila frå dette prosjektet, og vi har gjennomført ein del analysar for at vi skal kunne samanlikne våre funn med desse samanliknbare nasjonale tala. NOVA har ikkje noko ansvar for desse analysane. Vi takkar NOVA for at vi har fått nytte deira materiale.

Innholdsliste

Forord	3
Innholdsliste	4
1. Innleiing: Gjennomføringa av prosjektet	5
2. Bakgrunnsinformasjon	6
3. Forholdet til foreldra	7
4. Skule og utdanning	9
5. Livskvalitet.....	13
5.1. Kva er livskvalitet?.....	13
5.2. Sjølvrapporterte personlege eigenskapar	13
5.3. Relasjonar til andre.....	14
5.4. Opplevde problem - livskvalitet	15
5.5. Kven har god (eller dårleg) livskvalitet?.....	16
6. Fritid og fritidsinteresser	18
6.1. Medlemskap i organisasjonar og lag.....	18
6.2. Kva vert den uorganiserte fritida brukt til?	19
7. Røyking og bruk av rusmiddel	23
7.1. Røyking	23
7.2. Alkohol.....	24
7.3. Narkotika.....	30
8. Problemåtferd	31
9. Samandrag	33
Vedlegg	35

1. Innleiing: Gjennomføringa av prosjektet

Det aktive arbeidet med prosjektet tok til på slutten av 2002. Målgruppa for prosjektet vart bestemt til å vere elevane på ungdomsskulane i dei to kommunane og første klasse på dei vidaregåande skulane.

Ein bestemte seg forholdsvis snart for å samle inn data ved hjelp av spørjeskjema i ein skuletime.

Som grunnlag for arbeidet med spørjeskjemaet tok vi utgangspunkt i NOVA sitt spørjeskjema "Ung i Noreg 2002". Dette skjemaet vart brukt i ei landsomfattande representativ undersøking i 2002 og var på 31 sider. Fordi denne undersøkinga hadde ei langt vidare og meir omfattande problemstilling enn vårt prosjekt, var det allereie i utgangspunktet klart at vårt skjema måtte verte langt kortare. Vi tok sikte på at det ikkje skulle vere på meir enn 15 sider, for intensjonen var at alle elevane skulle kunne fylle ut skjemaet i løpet av ein skuletime. Spørjeskjemaet er lagt ved som vedlegg 1.

Om lag to veker før undersøkinga vart gjennomført, fekk foreldra orientering om prosjektet gjennom eit brev som elevane tok med heim. Dette brevet er lagt ved som vedlegg 2.

Lærarane fekk orientering om undersøkinga gjennom eit særskilt skriv. Sjå vedlegg 3.

På møte og gjennom e-post orienterte skulesjefane rektorane på skulane om undersøkinga.

Skjemaet vart køyrt ut til alle skulane, og skjemaet vart fylt ut i ein skuletime den 25. mars.¹

Totalt var det 1076 elevar i dei aktuelle klassene på det aktuelle tidspunktet. 963 fylte ut skjemaet. Dette gir ein svarprosent på 89, noko som ligg på høgde med det som er vanleg for slike undersøkingar. Det aller meste av fråfallet skuldast sjukefråvær, men det var også nokre som av ulike grunnar ikkje ville fylle det ut.


Noko av føremålet med at vi baserte spørjeskjemaet vårt på NOVA sitt skjema, var at vi skulle kunne samanlikne våre funn med resultatata frå landsundersøkinga.

NOVA sitt datamateriale omfattar 11 406 utfylde spørjeskjema for elevar frå og med 8. klasse til og med 3. klasse på vidaregåande skule. For å gjere NOVA sitt materiale samanliknbart med vårt, har vi "kasta ut" 2.- og 3.- klassingane på vidaregåande skule frå datafila. Den bearbeidde datafila som vi brukar som samanlikningsgrunnlag for våre data, inneheld såleis svar frå 7 839 elevar frå og med 8. klasse i grunnskulen til og med 1. klasse på vidaregåande skule. Informasjonen som denne datafila gir, er representativ for norsk ungdom på dei nemnde klassetrinna. Vi nyttar stikkordet "N2002" når vi refererer til dette materialet.

¹ På ein av skulane var 8.klasse bortreist denne dagen, og elevane fylte derfor ut skjemaet veka etterpå.

2. Bakgrunnsinformasjon

Figur 1 nedanfor viser den prosentvise fordelinga av respondentane etter alder.



Figur 1. Fordeling av respondentane etter alder. %.

Gjennomsnittsalderen for respondentane var 15,0 år. I N2002 var gjennomsnittsalderen 14,8 år. Vi trur ikkje at denne vesle skilnaden har noko å seie for dei samanhengane der vi gjer samanlikningar.

46 % av elevane budde i Volda og 54 % i Ørsta. 52 % var gutar og 48 % jenter.

Fedrane til dei av respondentane som budde i Volda, hadde noko høgare utdanning enn dei som budde i Ørsta: 42 % av voldaelevane svara at far deira hadde høgskule-/universitetsutdanning. Det tilsvarande talet for ørstaelvane var 29 %. For mødrene sin del var tendensen den same: Av dei elevane som budde i Volda, svara 36 % at mor deira hadde universitets-/høgskuleutdanning. Det tilsvarande talet for dei som budde i Ørsta, var 28 %.

3. Forholdet til foreldra

79 % av elevane i Ørsta budde saman med begge foreldra sine. Det tilsvarande talet for voldaelevane var 74 %.

Men å bu saman med foreldra er ein ting. Noko anna er å vere saman med dei. 70 % svara at dei var saman med far dagleg, og om lag 80 % svara at dei var saman med mor dagleg. Det var ingen skilnad på gutar og jenter med omsyn til dette spørsmålet.

I spørjeskjemaet hadde vi med ein del spørsmål som gjekk på elevane sitt forhold til foreldra sine. I tabellen nedanfor har vi sett opp den prosentvise andelen som svara ”stemmer svært godt/stemmer heilt” og ”stemmer nokså godt” på dei påstandane som står i tabellen. Vi relaterer svara til respondentane sitt kjønn og til N2002.

Tabell 1. Elevane sine oppfatningar om foreldras haldningar etter kjønn (%). (”G” = gutar, ”J” = jenter)


Nr.	Påstand	G	J
1	Foreldra mine likar at eg har teke mine eigne avgjerder	86	86
2	Foreldra mine prøver å kontrollere alt eg gjer	37	42
3	Foreldra mine vernar meg for mykje	49	52
4	Foreldra mine forstår problema mine og det eg er uroleg for	60	58
5	Foreldra mine hjelper meg så mykje som eg treng	91	90
6	Foreldra mine brukar for lite tid saman med meg	10	11
7	Foreldra mine bryr seg ikkje om meg i det heile tatt	3	3
8	Foreldra mine likar at eg har teke mine eigne avgjerder	86	86
9	Foreldra mine veit temmeleg godt kven eg er saman med i fritida	78	81
10	Foreldra mine snakkar ofte om kor flink eg er**	54	62
11	Foreldra mine er skuffa over meg	7	7
12	Når eg fortel foreldra mine om noko, kjenner eg verkeleg at dei tek meg på alvor	68	63
13	Foreldra mine spør ofte korleis eg har det på skulen	74	69
14	Foreldra mine spør ofte kven eg er saman med og kva eg driv med når eg er ute**	53	69
15	Når eg har vore ute ein kveld, fortel eg foreldra mine kva eg har drive med, sjølv om dei ikkje spør**	21	29
16	Etter at eg har fått karakter på prøver og innleveringar, fortel eg foreldra mine korleis det har gått **	59	68
17	Eg prøver å halde mesteparten av fritida mi skjult for foreldra mine	12	11
18	Eg kranglar ofte med foreldra mine**	16	23
19	Foreldra mine er svært interesserte i skulearbeidet mitt	62	61
20	Foreldra mine synest eg bør vere blant dei beste elevane i klassen**	32	22
21	Foreldra mine synest det er viktig at eg tek vidare utdanning etter fullført vidaregåande skule	72	72
22	Foreldra mine synest det er viktig at eg får ein jobb der eg kan tene mange pengar**	48	38

Tendensen i N2002 er i hovudtrekk den same som i VØ-materialet, men det er ein klart høgare andel i N2002 enn i VØ når det gjeld påstand nr. 4 (*”Foreldra mine forstår problema mine og det eg er uroleg for”*), men vi har ingen hypotese om kvifor det er slik. På tilsvarande måte er det også skilnad når det gjeld påstand nr. 19, *”Foreldra mine er svært interesserte i skularbeidet mitt”*. Ein klart større andel av N2002-elevane var samde i denne formuleringa enn VØ-elevane.

Stjernene i tabellen indikerer at det er signifikante skilnader på gutar og jenter på 0,01-nivået for desse påstandane: Nr. 10, 14, 15, 16, 18, 20 og 22.

4. Skule og utdanning

Vi spurde elevane kor lang tid dei bruker på heimearbeidet sitt. Figuren nedanfor gjengir svarfordelinga på dette spørsmålet, klassifisert etter klasstrinn.



Figur 2. Tid brukt til lekser etter klasstrinn. %.

Dersom vi ser på kategorien <=0,5 time, ser vi at det er 10 % av 8.-klassingane som bruker så lite tid på heimearbeidet, og altså meir enn halvparten (53 %) av dei som går i 1. klasse vidaregåande. Figuren gir eit klart inntrykk av at elevane arbeider mindre på høgare klasstrinn enn på lågare. Hovudtendensen er om lag den same på landsbasis.

Tabellen nedanfor gir uttrykk for kva elevane meiner om ein del spørsmål som har med skulesituasjonen å gjere. Tala i tabellen angir dei prosentvise andelane for dei som svara ”heilt samd” eller ”litt samd” på påstandane i tabellen, og vi har splitta svara på gutar og jenter.

Tabell 2. Synspunkt som har med skulen å gjere etter kjønn. %.

Påstand	Gutar	Jenter
Å få gode karakterar er viktig	95	98
Det er alt for mykje bråk og uro i timane**	44	54
Lærarane burde vere strengare mot elevar som bråkar**	59	69
Det er for mykje teori og for lite praktisk opplæring i skulen	87	85
Skulen kjem godt med uansett kva eg skal drive med seinare*	86	89
Vi lærer mykje spennande på skulen	61	65
Eg gruer meg ofte til å gå på skulen	21	20
Lærarane våre er flinke til å undervise	76	72
Elevane har ingen innverknad på viktige avgjerder i skulen	55	57
Å møte venner er viktigare for meg enn å lære alt og gjere det godt på skulen	54	51
Eg synest at lærarane mine gir meg for lite merksemd	26	23
Eg trur eg kjem til å få store problem med å skaffe meg arbeid sjølv om eg tek utdanning	18	17
Det er keisamt på skulen*	72	68

På dei fleste spørsmåla er skilnadene på gutar og jenter så små at dei ikkje kan vektleggast, skilnadene er ikkje signifikante. Dei skilnadene som er signifikante på 0,01-nivået, er merka ”***”. Dei som er merka med ”**”, er signifikante på 0,05-nivået. Konkret inneber dette at jentene er langt mindre tolerante i høve til bråk i klassen enn gutane, og at det er ein større andel av jentene enn gutane som meiner at lærarane burde ha vore strengare mot elevar som bråkar i timane. Men vi skal merke oss at det er eit fleirtal både mellom gutane og jentene som meiner at lærarane kunne ha vore strengare mot elevar som bråkar i timane. Vidare ser vi at det er ein større andel av jentene enn av gutane som meiner at skulen kjem godt med same kva dei skal drive med seinare. Det er ein større andel av gutane enn av jentene som synest at skulen er keisam.

Vi ser at over 80 % av både gutane og jentene meiner at det er for mykje teori og for lite praktisk opplæring i skulen.

Samla sett gir tabellen oss eit inntrykk av at det er ein tendens til at jentene er meir ”skulepositive” enn gutane. Det er små skilnader mellom vårt materiale og N2002.

Vi spurde også elevane om kva karakterar dei fekk i karakterboka siste gong dei fekk karakter i norsk skriftleg, matematikk og engelsk. Vi berekna gjennomsnittskarakterar for ørsta- og voldaelevane og for gutar og jenter. Vi fann ikkje skilnader mellom ørsta- og voldaelevane, men det var skilnad mellom gutar og jenter, slik det går fram av tabellen nedanfor.

Tabell 3. Gjennomsnittskarakterar etter kjønn.

	Gutar	Jenter
<i>Norsk skriftleg**</i>	3,74	4,20
<i>Matematikk</i>	3,57	3,62
<i>Engelsk**</i>	3,89	4,23

Skilnadene på jenter og gutar sine karakterar i norsk og engelsk er signifikante på 0,01-nivået, men ikkje signifikante for matematikk. Det inneber at vi ikkje kan legge vekt på den vesle karakterskilnaden i matematikk, men for dei to andre faga er skilnaden klar og eintydig, og skilnaden er størst i norskfaget.

Vi stilte også nokre meir konkrete spørsmål om skulesituasjonen, om elevane dette skuleåret hadde opplevd noko av det som er oppført i tabellen nedanfor. I tabellen er det ført opp den prosentvise andelen som svara ”ein gong i veka” eller oftare.

Tabell 4. Har du opplevd noko av dette? %.

Hending	Gutar	Jenter	Totalt
Fått spesialundervisning i matte, norsk eller engelsk	9	7	8
Følgd undervisning i norsk som andrespråk	8	5	6
Fått hovudpine etter ein heil dag på skulen**	22	41	31
Fått ros frå lærarar for skulearbeidet ditt	52	55	54
Ikkje gjort leksene dine	49	46	47
Hatt så store problem med å konsentrere deg at du ikkje klarte å følge med på undervisninga**	36	45	40
Sovna i timen**	12	6	9
Lært noko viktig på skulen	86	90	88
Blitt frosen ut, plaga eller erta av medelevar på skulen eller på skulevegen	6	6	6
Kome for seint på skulen	22	20	21

Det finst gode mulegheiter til å tolke informasjonen i tabellen ovanfor negativt. Dersom vi held oss til "totalen", dvs. kolonnen lengst til høgre, ser vi at 21 % hadde kome for seint på skulen "nokre gonger i veka" eller oftare. 31 % hadde fått hovudpine, 47 % hadde ikkje gjort leksene sine og 40 % hadde hatt store problem med å følge med i timane. Men på den andre sida – og kanskje er det grunn til å feste seg mest ved det positive: 54 % hadde fått ros av læraren og 88 % meinte at dei hadde lært noko viktig.

På dei fleste av "hendingane" i tabellen ovanfor er det ikkje så stor skilnad på gutar og jenter at det kan vektleggast. Men for tre av momenta er det signifikante skilnader², og desse tre momenta er merka med "***". Vi ser at det er ein dobbelt så stor andel av jentene som av gutane som har "Fått hovudpine etter ein heil dag på skulen". Det er ein klart større andel av jentene enn av gutane som rapporterer at dei har konsentrasjonsproblem (45 mot 36 %), og ein dobbelt så stor andel av gutane som av jentene som svarer at dei har sovna i timen (12 mot 6 %).

85 % av respondentane svara at foreldra deira som regel går på foreldremøte og andre møte som har med skulen å gjere. Prosentdelen var noko høgare i Ørsta enn i Volda (88 mot 83). Skilnadene i høve til N2002 er små.

Vi spurde elevane om kva slags utdanning dei trudde at dei kom til å ta, og analyserte dette i høve til kjønn. Det viste seg då at jentene er klart meir orienterte mot utdanning på universitets-/høgskulenivå enn gutane. 28 % av jentene vil ta slik utdanning, mot berre 21 % gutane.

Vi spurde også om elevane heller ville arbeide enn å gå på skule "dersom du hadde fått deg ein jobb no?". 40 % av gutane svara "ja" på dette spørsmålet, mot berre 27 % av jentene.

Ambisjonane i retning av høgare utdanning var klart sterkare i Volda enn i Ørsta. 30 % av voldaelevane tok sikte på universitets- eller høgskuleutdanning, og 19 % av ørstaelevane. Vi reknar med at dette har samanheng med to litt ulike, men likevel beslektede årsaker: For det

² Signifikant på 0,01-nivået.

første er det i Volda ein høgskule med ca. 200 lærarar og 2000 studentar, og det er det ikkje i Ørsta. For det andre er det eit mykje høgare utdanningsnivå i Volda enn i Ørsta, også blant foreldra til respondentane våre, og vi veit frå andre undersøkingar at foreldras yrke og utdanning er avgjerande faktorar for deira borns yrkesval og framtidsplanar.

Spørsmålet om utdanningsplanar er nærliggande å sjå i samanheng med busetjingsplanar. Kva slags utdanning ein tar, gir føresetnader og føringar for kvar ein kan vere motivert for å bu, og kvar ein kan få seg høveleg arbeid. Vi stilte derfor spørsmål om dette, og vi analyserte dette i høve til "bustad no" og kjønn³. Det viste seg då at det er ein betydeleg høgare andel av gutane enn av jentene som svarar at dei har lyst til å busetje seg på heimstaden sin (43 mot 32 %), og vi finn den same tendensen på landsbasis. Det er også ein klart høgare andel av ørstaelevane som har lyst til å busetje seg på heimstaden sin enn av voldaungdomane (41 mot 34 %).

³ Spørsmålet var slik: "Har du lyst til å busette deg på heimstaden din når du er ferdig utdanna?"

5. Livskvalitet

5.1. Kva er livskvalitet?

Livskvalitet kan definerast og forståast på ulike måtar. Det er vanleg å splitte dette omgrepet opp i tre hovuddimensjonar: ”å ha”, ”å elske” og ”å vere”.

I denne rapporten er det berre dei to siste dimensjonane vi vil omtale, og mest den siste: Kva og korleis er elevane sitt sjølvbilete? Korleis har dei det med seg sjølve?

5.2. Sjølvrapporterte personlege eigenskapar

I tabellen nedanfor kjem vi inn på ein av dei hovuddimensjonane som er nemnde ovanfor: Korleis opplever elevane seg sjølve (”å-vere-dimensjonen”). Spørsmålet var slik: ”Nedanfor ser du ei liste over eigenskapar folk kan ha. Kryssa av for om det stemmer eller ikkje stemmer for deg.” I tabellen har vi tatt med svarprosenten for dei som kryssa av for svaralternativa ”Stemmer nokså godt” og ”Stemmer heilt”, og vi har analysert dette mot kjønn.

Tabell 5. Sjølvrapporterte personlege eigenskapar. %.

Nr	Påstandar	Gutar	Jenter
1	Forsvarer mine meiningar	71	79
2	Tek omsyn til andre	69	90
3	Sterk personlegdom	63	68
4	Forståingsfull	77	82
5	Har leiareigenskapar	45	39
6	Trøystar gjerne andre	48	80
7	Dominerande	25	20
8	Ærleg	74	85
9	Seier kva eg meiner	77	78
10	Vennleg	85	92
11	Villig til å ta sjansar	78	67
12	Glad i barn	53	79

Som vi ser, er det markerte skilnader på gutar og jenter på dei fleste av elementa i tabellen ovanfor. Det er signifikante skilnader (på 0,01-nivået) på gutar og jenter på alle elementa, med unntak av nr. 3, 5, 7 og 8.

Det er ein klar tendens til at jentene kjem sterkare ut enn gutane på typiske ”omsorgsspørsmål”, påstand nr. 2, 6 og 12. Gutane kjem sterkast ut på påstand 5, 7 og 11, og desse påstandane må vel forståast som uttrykk for typisk maskuline verdiar. Det er små skilnader i høve til N2002-materialet.

5.3. Relasjonar til andre

I tabellen nedanfor er hovudtemaet korleis ein har det i høve til andre menneske ("å-elske-dimensjonen"). I tabellen har vi tatt med berre to av dei svaralternativa som ein kunne krysse av for, "av og til" og "ofte", og vi har analysert dette mot kjønn. Spørsmålet var slik: "Her kjem nokre skildringar av kjensler folk kan ha. Kryss av for korleis du sjølv kjenner deg."

Tabell 6. Kontakt med andre – einsemd. %.


Nr.	Påstandar	Gutar	Jenter
1	Eg kjenner meg på bølglengde med folk rundt meg	84	92
2	Eg kan finne nokon å vere saman med dersom eg ønskjer det	95	96
3	Eg har ei kjensle av at ingen kjenner meg særleg godt	23	37
4	Eg kjenner meg einsam	16	26

For påstand nr. 2 er det ingen signifikant skilnad på gutar og jenter, men for påstand nr. 1, 3 og 4 er det signifikant skilnad på 0,01-nivået.

Vi ser at 92 % av jentene svarar at dei kjenner seg på bølglengde med folk rundt seg, mot 84 % av gutane. På påstand 2 ser vi at gutar og jenter kjem ut likt, men på spørsmål 3 og 4 er det stor skilnad på gutar og jenter. Jenter føler i sterkare grad enn gutar at ingen kjenner dei særleg godt, og ein større andel av jentene enn av gutane svarar at dei føler seg einsame. Den same tendensen finn vi i N2002-materialet.

Innhaldet i tabellen ovanfor seier berre noko om "kontakt med andre", og ikkje noko om kor nær denne kontakten er, men det fekk vi informasjon om ved å spørje om elevane hadde nokon som dei rekna som bestevennen sin. 64 % av gutane svara "ja" på dette spørsmålet, og 77 % av jentene.

Vi spurde også om kor mange bestevenner/-veninner elevane hadde. Vi analyserte dette mot kjønn, og kunne på det grunnlaget setje opp figuren nedanfor. Søylen og tala i figuren gir uttrykk for kor stor prosentvis andel det var av gutane, høvesvis jentene, som hadde eit visst antal bestevenner/-veninner.



Figur 3. Antal bestevenner/besteveninner etter kjønn. %.

Figuren viser at 39 % av gutane hadde to-tre bestevenner, mot 61 % av jentene. Heile 20 % av gutane svara at dei hadde 8 eller fleire bestevenner, mot berre 7 % av jentene. Tendensen i

N2002-materialet var ikkje nemneverdig forskjellig frå VØ-materialet når det gjeld denne problemstillinga.

Hovudtendensen, slik figuren framstiller han, er svært tydeleg: Jentene har færre bestevener enn gutane. Dette, saman med den store andelen gutar som oppgir at dei har 8 eller fleire bestevener, gir grunnlag for å stille oss sjølve følgjande spørsmål: Er det skilnader på ”jentekulturen” og ”gutekulturen” på dette området? Er det slik at jenter og gutar utviklar ulike venskapsstrukturar? Den informasjonen som kan trekkast ut av figuren ovanfor og anna forskning på dette området, kan tolkast i den retning: Jenter knyter nære venskapsband til få, medan gutar knyter svakare band til fleire.

Tabellen nedanfor gir noko meir spesifikk informasjon om dette, og grunnlaget for denne tabellen var dette spørsmålet: ”*Tenk deg at du har eit personleg problem. Du kjenner deg utafør og trist og treng nokon å snakke med. Kven av desse personane ville du snakka med eller søkt hjelp hos?*” Respondentane vart så bedne om å krysse av for ”Ja”, ”Usikker” eller ”Nei” for kvar av dei personkategoriane som er oppførde i tabellen. Tala i tabellen gir uttrykk for den prosentvise andelen som kryssa av for ”Ja”.

Tabell 7. *Kven ein går til med personlege problem etter kjønn. %.*

	Gutar	Jenter
Mor	55	56
Far**	47	24
Sysken*	26	32
Vennene mine (venn/venninne)**	52	84
Ein lærar eller andre som jobbar på skulen	8	6
Besteforeldre**	20	9
Andre vaksne	10	12

*** i tabellen inneber skilnad på gutar og jenter som er signifikant på 0,01-nivået. ** betyr signifikant på 0,05-nivået. På dei punkta i tabellen som ikkje er forsynt med stjerne, er det ikkje signifikant skilnad på gutar og jenter.

Tabellen viser at det er ein om lag like stor andel av gutane som av jentene som kryssar av for ”mor” (55 mot 56 %), og at det er ein mykje større andel av gutane som kryssar av for far enn av jentene (47 mot 24 %). Vidare ser vi at det er ein langt høgare andel av jentene enn av gutane som kryssar av for ”vennene mine” (84 mot 52 %). Dette siste poenget er nærliggande å tolke i samanheng med det vi nemnde ovanfor: Jenter har nærare og meir emosjonell kontakt med få vener enn det gutar har. Det er også verdt å merke seg at både gutar og jenter har god kontakt med besteforeldra sine, spesielt gutane.

5.4. Opplevde problem - livskvalitet

Tabellen nedanfor handlar om psykiske problem og plager som ein kan ha, og desse kjem inn under ”å-vere-dimensjonen” som er omtalt til å begynne med i dette kapitlet.

Spørsmålstillinga var slik: ”*No følgjer ei liste over forskjellige plager og problem som ein av og til kan ha. Har du den siste veka ikkje vore plaga, vore litt plaga, ganske mykje plaga eller veldig mykje plaga av noko av dette?*” I tabellen har vi lista opp prosentdelane for dei som

kryssa av for ”Nokså mykje plaga”/”Veldig mykje plaga”, og vi analyserer dette i høve til kjønn.

Tabell 8. I kor stor grad har du opplevd slike problem? Etter kjønn. %.


	Gutar	Jenter
Kjent at alt er eit slit	19	29
Hatt søvnproblem	14	20
Kjent deg ulykkeleg, trist eller deprimert	10	23
Kjent håpløyse med tanke på framtida	11	19
Kjent deg stiv eller spent	17	27
Uroa deg for mykje over ting	20	33
Tenkt på å gjere slutt på livet ditt	5	8

Tendensen i denne tabellen er klar og eintydig: Problem av den typen som er nemnde i denne tabellen, er langt meir utbreidde mellom jentene enn mellom gutane. Skilnaden mellom gutar og jenter er minst når det gjeld sjølvordstankar. Dei kjønnskilnadene som kjem fram i tabellen ovanfor, er noko mindre markert i N2002-materialet enn i Volda/Ørsta-materialet.

For å få til eit samlande uttrykk for innhaldet i tabellen ovanfor, har vi laga til ein indeks, eller samlevvariabel som vi kallar ”livskvalitet”: Dei som ikkje har kryssa av for ”Nokså mykje plaga” eller ”Veldig mykje plaga” på nokon av spørsmåla ovanfor, kjem i kategorien ”God livskvalitet”. Dei som har kryssa av på desse svaralternativa for eitt eller to av dei elementa som er nemnde i tabellen, kjem i ”Middels livskvalitet”. Den tredje verdien på denne livskvalitetsvariabelen kallar vi ”dårleg”. Den omfattar dei som kryssa av for ”Nokså mykje plaga” eller ”Veldig mykje plaga” på tre eller fleire av elementa i tabellen.

5.5. Kven har god (eller dårleg) livskvalitet?

I figuren nedanfor framstiller vi korleis livskvaliteten varierer med kjønn og klasstrinn. Figuren viser kor stor prosentvis andel det er som kjem i kategorien ”God livskvalitet”.



Figur 4. Livskvalitet etter klasstrinn og kjønn. %.

Vi ser at det på kvart klasstrinn er ein markert skilnad på livskvaliteten til gutar og jenter, og skilnaden er størst på dei to lågaste klasstrinna, med ein prosentdifferanse på 20 i 8. klasse og 22 i 9. klasse. Vi ser også at det både for gutar og jenter er slik at livskvaliteten vert redusert oppover på klasstrinna. Prosentdifferansen mellom 8. klasse og 1. kl. vidaregåande

for gutane sin del er på 22 og for jentene 16. Vi finn akkurat den same tendensen i N2002-materialet.

Når vi analyserer variabelen "livskvalitet" finn vi mellom anna også dette:

- 23 % av voldangdomane kjem i kategorien "Dårleg livskvalitet", og 17 % av ørstaungdomane.
- 27 % av jentene hadde "Dårleg livskvalitet" mot berre 14 av gutane.
- 53 % av dei som ikkje røykjer, kjem i kategorien "god livskvalitet". Det tilsvarande for dei som røykjer dagleg, er 41 %.⁴

Eit sentralt aspekt ved omgrepet "livskvalitet" er kor fredelege, eventuelt ufredelege, relasjonane til andre menneske er, og vi spurde om dette. Det gjorde vi ved å be elevane svare på kor ofte dei i løpet av dei siste 12 månadene hadde vorte utsett for dei situasjonane som er sette opp i tabellen nedanfor. I tabellen har vi tatt med prosenttala for dei som svarta at dei hadde vorte utsett for den aktuelle handlinga ein eller fleire gonger, og splitta materialet etter bustadkommune.

Tabell 9. Har du dei siste 12 månadene opplevd vald eller truslar om vald? %.

	Volda	Ørsta
Truslar om vald (så du blei redd)	11	10
Blitt slått utan å få synlege merke	24	19
Vald som førte til merke eller skadar utan at du trengte legehjelp	13	8
Blitt så skada at du trengte legehjelp	6	9

For den første og den siste av desse fire "valdsdimensjonane" er skilnadene av ein slik storleik at dei ikkje kan vektleggast. Men for dei to dimensjonane i midten ("Blitt slått utan å få synlege merke" og "Vald som førte til merke eller skadar utan at du trengte legehjelp") er samanhengen sterk nok til at vi kan slå fast at det er skilnader på dette området mellom dei av våre respondentar som kjem frå Volda og dei som kjem frå Ørsta.⁵ 24 % av voldaelevane svarta at dei hadde "blitt slått utan å få synlege merke" mot 19 % av ørstaelevane, og 13 % av voldaelevane svarta at dei hadde blitt utsett for "vald som førte til merke eller skadar utan at du trengte legehjelp" mot 8 % av ørstaelevane.

Dersom vi analyserer det å vere utsett for vald av den typen som er omtalt i tabellen ovanfor i høve til kjønn, er det signifikant skilnad berre på "valdsdimensjon 3" ("Vald som førte til merke eller skadar utan at du trengte legehjelp"). 10 % av gutane hadde opplevd dette i løpet av dei siste 12 månadene, og 5 % av jentene.

⁴ Denne skilnaden i røykefrekvens er om lag den same uavhengig av alder.

⁵ Skilnaden mellom dei to "valdsdimensjonane" i midten er signifikant på 0,01-nivået. Den første og den siste er det ikkje.

6. Fritid og fritidsinteresser

Eitt av føremåla med denne undersøkinga er å framskaffe informasjon som kan nyttast som planleggingsgrunnlag for tiltak for ungdom, spesielt med tanke på fritidstilbod. I denne samanheng var naturleg å spørje om fritidsinteresser reint generelt, og om medlemskap i foreiningar og lag meir spesielt.

6.1. Medlemskap i organisasjonar og lag

I spørjeskjemaet lista vi opp ei rekkje lag og foreiningar og bad respondentane om å krysse av dersom dei var eller hadde vore medlemmer i desse. 75 % av respondentane svarta at dei var medlem av eitt eller fleire lag. Resultatet elles er gjengitt i tabellen nedanfor.

Tabell 10. Medlemskap i lag og organisasjonar. %.

Organisasjonstype	
Motorklubb	3
Avhaldsorganisasjon	2
Fritidsklubb	16
Idrettslag	46
Supporterklubb	5
Politisk organisasjon	3
Kristeleg eller anna religiøs foreining	6
Ungdomslag, mållag, 4H e.l.	7
Raudekrossen, Norsk folkehjelp e.l.	3
Musikkorps, kor, orkester	13
Foreining for dyrehald (hundar, kaninar, akvarium, riding, e.l.)	4
Hobbyklubb (frimerke, sjakk, måling/teikning e.l.)	3
Speiaren	2
Jakt- og fiskeforeining	5
Rolle spel-klubb	3
Miljøvernorganisasjon	1
Annan organisasjon/foreining	13

Vi ser at "idrettslag" er den klart mest populære organisasjonstypen, og slik er det også på landsbasis. Nesten halvparten (46 %) av elevane svarer at dei er medlem i ein slik organisasjon. På andre plass kjem "fritidsklubb" (16 %) og "musikkorps, kor, orkester" (13 %). Det er berre små skilnader mellom dei to datasetta når det gjeld dette temaet.

Tabellen nedanfor er ein forenkla versjon av tabellen ovanfor. Vi har her splitta VØ-materialet på Volda og Ørsta, og vi har tatt med berre dei foreiningane som har minimum 10 % av enten voldaungdomane eller ørstaungdomane som medlemmer.

Tabell 11. Medlemskap i lag og organisasjonar. Volda og Ørsta. %.

Organisasjonstype	Volda	Ørsta
Fritidsklubb	20	12
Idrettslag	48	46
Musikkorps, kor, orkester	17	10
Annan organisasjon/foreining	13	13


Skilnadene mellom Ørsta og Volda er signifikante for "fritidsklubb" og "musikkorps, kor, orkester" (på 0,01-nivået), men ikkje for dei to andre variablane i tabellen ovanfor.

Det viser seg at 20 % av voldaungdomane svarar at dei er med i ein fritidsklubb, medan berre 12 % av ørstaungdomane svarar dette. Forklaringa på den noko lave medlemsfrekvensen i "fritidsklubb" for ørstaungdomane sin del er truleg at den populære tilhaldsstaden Kaihuset ikkje vert oppfatta som ein fritidsklubb av ungdomane sjølve, medan voldaungdomane oppfattar sin fritidsklubb som nettopp det.

Vi ser at det er om lag like stor aktivitet mellom ungdomane i dei to kommunane når det gjeld medlemskap i idrettsorganisasjonar.

Volda er kjent for sitt rike musikkliv, og det gir utslag på foreiningstypen "Musikkorps, kor, orkester". 17 % av voldaelevane er medlem av ein slik organisasjon, mot 10 % av ørstaelevane.

Frå andre undersøkingar veit vi at dei som er aktive i organisasjons- og lagsverksemd er aktive i fleire lag samstundes. Figuren nedanfor viser oss i kva grad det er tilfelle.



Figur 5. Medlemskap i lag og foreiningar. %.

Figuren må forståast på denne måten: Av dei 718 elevane som svarta at dei var medlem av eitt eller fleire lag var 53 % medlem av eitt lag, 28 % medlem av to lag, 14 % av tre lag og 6 % var medlem av fire eller fleire lag. Profilane til gutar og jenter er svært lik, både med omsyn til andel som er organisert i lag og foreiningar, og med omsyn til kor mange dei er medlemmer av. Det er ein litt høgare andel voldingar (77 %) som er lagsaktive enn ørstingar (73 %).

6.2. Kva vert den uorganiserte fritida brukt til?

Ovanfor har vi gjort greie for i kor stor grad og i kva slags organisasjonar respondentane våre er medlemmer i. Men ikkje all fritidsaktivitet er organisert gjennom lag eller foreiningar. For å kartlegge slik ikkje-organisert fritidsbruk bad vi respondentane om å skrive opp i skjemaet kor

mange gonger dei i løpet av siste veke hadde gjort noko av det som er nemnt i tabellen nedanfor. Tala i kolonnen til høgre summerer opp kor stor prosentvis andel som hadde gjort dette minst ein gong i løpet av det nemnde tidsrommet.

Tabell 12. Fritidsaktivitetar siste veke. %.

Aktivitetstype	
Gått på kafé eller snackbar	48
Trent i eit idrettslag	47
Besøkt helsestudio, squashsenter, drive med aerobic e.l.	20
Trent kampsport eller sjølvforsvar (boksing, karate, kick-boksing, eller liknande)	10
Trimma på eiga hand (sprunge ein tur, gått i symjehall, e.l.)	64
Vore i fritidsklubb, "Kaihuset", "klubben" eller liknande	33
Vore på møte eller øving i ei gruppe, eit lag eller ei foreining	28
Gjort noko saman med mor eller far (drive med hobby, trening, eller liknande)	42
Brukt størstedelen av kvelden ute saman med venner/kameratar	76
Skrudd bil, motorsykkel eller moped	20
Shoppa (vore i butikkar og kanskje kjøpt noko)	60
Hjelp til heime (vaska, måka snø, rydda osv.)	78
Vore saman med venner heime hos meg, eller hos dei	88
Vore heime aleine, eller saman med mor, far eller sysken heile kvelden	77
Lese i ei bok (ikkje skulebok)	40
Brukt pc	87
Brukt TV-spel	38
Lese avis	85
Stått og hengt på eit gatehjørne, utanfor ein kiosk, på bensinstasjon eller liknande	25
Spela på speleautomat (med pengepremie)	18

Vi ser at det som oftast blir nemnt, er å vere saman med vener, enten i heimane (88 %) eller "ute" (76 %). Vi ser også at dei aller fleste har brukt pc (87 %) og lese avis (85 %). Dei fleste (78 %) har også hjelpt til heime.

Skilnadene mellom volda- og ørstaelevane er ikkje signifikante på nokon av dei aktivitetane som er nemnde i tabellen. Også mellom N2002 på den eine sida og Volda/Ørsta på den andre er det små differansar.

På spørsmål om dei dreiv aktivt med sport eller idrett, svara 41 % at dei gjorde det og at dei deltok i konkurransar.⁶ 28 % svara at dei spelte eit musikkinstrument regelmessig, og 20 % at dei var med i eit band, kor, orkester, song- eller musikkgruppe. Skilnadene i høve til N2002 er små.

⁶ Andelen på dette svaralternativet er usannsynleg høg. Mange har nok tolka dette spørsmålet som om det galdt enten å drive med aktiv idrett eller å delta i konkurransar, sjølv om formuleringa var "drive aktiv idrett og delta i konkurransar".

Når vi spurde om kva respondentane meinte om fritidstilboda i Ørsta og Volda, fekk vi svar som gav oss grunnlag for å setje opp figuren nedanfor:




Figur 6. Synspunkt på fritidstilboda. Volda og Ørsta. %.

Vi ser at fritidstilboda i Ørsta får langt betre karakter enn i Volda. 67 % gav Ørsta karakteren ”svært bra” og ”bra” til saman. Det tilsvarande talet for Volda var 52 %.

Vi trur dette har samanheng med følgjande: Kaihuset i Ørsta og aktiviteten rundt det har fått mykje positiv merksemd, og denne positive merksemda har ført til at det har danna seg eit meir positivt inntrykk av kva Ørsta kommune gjer for dei unge enn tilsvarande for Volda. Det at ein på det tidspunktet skjemaene vart fylde ut (slutten av mars 2003) hadde ungdomsråd i Ørsta, men ikkje i Volda, har truleg trekt i same retning.

Vi spurde også om kva dag respondentane kunne tenkje seg eit nytt fritidstilbod. Fordelinga på vekedagane vart slik som det går fram av figuren nedanfor.



Figur 7. På kva vekedag ynskjer du deg eit nytt fritidstilbod? Volda og Ørsta. %.

Mellom voldaungdomane er det eit langt sterkare ynskje enn mellom ørstaungdomane om å få eventuelle nye fritidstilbod i tilknytning til helga, dvs. fredag og laurdag. Mellom ørstaungdomane er det ein like stor andel som ynskjer nye tiltak på sundagane og onsdagane som på laurdagane.

Helga, spesielt laurdag, er det tidspunktet i veka som vert mest nytta til sosialt samvær med andre. For å finne ut noko meir konkret om kva dei gjer på laurdagskveldane, stilte vi spørsmål om det. ”Kva gjer du vanlegvis på om laurdagskveldane?” var ordlyden, og elevane skulle krysse av for dei alternativa som inngår i tabellen nedanfor. Svarfordelinga vart slik som det går fram av tabellen.⁷

Tabell 13. Kva gjer du på om laurdagskveldane? Gutar og jenter. %.

”Laurdagsaktivitet”	Gutar	Jenter	Totalt
<i>Er på privat fest</i>	12	15	13
<i>Er på dans eller diskotek</i>	9	8	8
<i>Er på kino, teater, konsert eller liknande</i>	10	9	9
<i>Køyrer rundt i bil*</i>	9	14	11
<i>Køyrer rundt med motorsykkkel, scooter eller moped**</i>	11	2	7
<i>Besøker vener**</i>	59	67	63
<i>Besøker slektningar</i>	11	8	10
<i>Er saman med kjærasten min**</i>	15	27	21
<i>Er heime saman med foreldra mine</i>	36	33	34
<i>Er på kristent ungdomstilbod</i>	4	4	4

Vi ser at det å besøke vener er det alternativet som vert kryssa av av dei aller fleste (nesten to tredjedelar eller 63 %). Ein tredjedel svarar at dei ”ofte” er saman med foreldra sine, og mange (21 %) svarar ”er saman med kjærasten min”.


På nokre av aktivitetstypene i tabellen ovanfor er det skilnad på gutar og jenter. Det er ein større andel av jentene enn av gutane som ”køyrer rundt i bil” (14 mot 9 %). Dette heng nok saman med det fenomenet at jenter i dei aldersgruppene som denne undersøkinga omfattar, svært ofte er saman med gutar som er eldre enn dei sjølv, og som har sertifikat. Dette må også vere forklaringa på at det er ein større andel blant jentene enn blant gutane som er saman med kjærasten sin (27 mot 15 %). Vidare ser vi, ikkje heilt overraskande, at det er stor skilnad på gutar og jenter når det gjeld å køyre rundt på motorsykkkel eller moped (11 mot 2 %). Jenter besøker i større grad vener om laurdagskveldane enn gutar (67 mot 59 %).

⁷ Det var tre svaralternativ: ”Ja, ofte”, ”Av og til”, og ”Nei, nesten aldri”. Dei som har kryssa av for ”Ja, ofte” utgjer talgrunnlaget for denne tabellen. I tabellen tyder ”*” ”signifikant på 0,05-nivået” og ”**” ”signifikant på 0,01-nivået”.

7. Røyking og bruk av rusmiddel

7.1. Røyking


9% av respondentane våre røykjer dagleg, ein betydeleg lågare andel enn i N2002-materialet. Det er ein større andel av voldaungdomane enn av ørstaungdomane som røykjer dagleg, 12 mot 7 %, men det er ingen signifikant skilnad på jenter og gutar. Figuren nedanfor framstiller den prosentvise andelen som svarar at dei ”røykjer dagleg”, etter klasstrinn.



Figur 8. Røyking etter klasstrinn. %.

Som vi ser er det ein markert auke i andelen daglegrøykarar opp gjennom klasstrinna. I 8. klasse er det 3 % som svarer at dei røykjer, og heile 17 % av dei som går i 1. klasse vidaregåande. Andelen røykarar er betydeleg større på alle klasstrinna i N2002 enn i VØ-materialet. 8 % brukar snus.

Figuren nedanfor viser samanhengen mellom fars og ungdomane sine røykevanar. Meir presist: Prosentdelen av respondentane som røyker dagleg relatert til fars røykevanar.



Figur 9. Andel daglegrøykarar etter fars røykevanar. %.

Vi ser at det mellom dei som har fedrar som aldri røykjer, er 6 % som sjølv røykjer. Dersom fedrane deira røykjer dagleg, aukar den prosentvise andelen av ungdomane som røykjer til 16. Den same effekten av fars røyking finn vi også i N2002-materialet. Dersom fedrar røykjer dagleg, vert sjansen for at deira ”avkom” også røykjer dagleg nesten tredobla, samanlikna med dei som har fedrar som aldri røykjer.


Dersom ein relaterer respondentane sine røykevanar til mors røykevanar, får ein om lag det same resultatet.

7.2. Alkohol

I spørjeskjemaet hadde vi med to hovudspørsmål som skulle kartlegge ungdomane sine alkoholvanar, "Har du nokon gong drukke alkohol (dvs. meir enn eit par slurkar)?" og "Har du nokon gong drukke så mykje at du kjende deg tydeleg rusa?". I det følgjande legg vi svara på det siste spørsmålet til grunn for analysane våre.

41 % av respondentane svara "ja" på spørsmålet om dei nokon gong hadde drukke så mykje at dei hadde blitt "tydeleg rusa", 43 % av jentene og 39 % av gutane. I N2002-materialet var det ein mykje større andel både av gutane og jentene som svara "ja" på dette. 43 % av voldaungdomane svara "ja" på spørsmålet, mot 40 % av ørstaungdomane.

Figuren nedanfor framstiller kor stor andel av respondentane som svara "ja" på spørsmålet ovanfor, fordelt på klassetrinn.




Figur 10. Andel som svara "ja" på spørsmålet om dei nokon gong hadde drukke så mykje at dei hadde blitt "tydeleg rusa". %.

Figuren viser at 11 % av åttandeklassingane svara "ja" på spørsmålet om dei nokon gong hadde drukke så mykje at dei hadde blitt "tydeleg rusa". Dei tilsvarende tala for 9., 10. og 1. klasse vidaregåande var 26 %, 53 % og 71 %. På alle klassetrinn er det ein større andel i N2002-materialet som har drukke så mykje at dei har blitt "tydeleg rusa" enn i Volda/Ørsta-materialet, men skilnaden er størst på dei lågaste klassetrinna. I 8. klasse er det meir enn dobbelt så stor andel i N2002 som i VØ som svarar "ja" på spørsmålet ovanfor. Dette kan indikere at debutalderen er lågare mellom ungdom i N2002 enn i VØ. Begge undersøkingane hadde med spørsmål om dette, dvs. om alderen til respondenten første gong han/ho drakk så mykje alkohol at han/ho kjende seg tydeleg rusa. Det viser seg at den gjennomsnittlege debutalderen i VØ-materialet er 14,1 år. I N2002 ligg debutalderen godt under dette.

Mellom dei som svara at religionen var viktig for dei, var det 30 % som svara "ja" på spørsmålet om dei nokon gong hadde drukke så mykje at dei hadde blitt "tydeleg rusa". Det tilsvarende talet for dei som svara "uviktig" på det same spørsmålet, var 44 %.⁸

⁸ "Viktig" er her definert som eit felles uttrykk for svaralternativa "Han er svært viktig" og "Betyr ganske mykje". På tilsvarende måte er "Uviktig" eit uttrykk for dei to svaralternativa "Betyr lite" og "Har ikkje noko å seie".


Figuren nedanfor viser kor ofte ungdomane i Volda og Ørsta drikk. Spørsmålet som figuren baserer seg på, var slik: ”Kor mange gonger har du drukke alkohol i løpet av *det siste året* (siste 12 mnd.)?”



Figur 11. Kor ofte har du drukke alkohol i løpet av det siste året? Volda og Ørsta. %.

Vi ser at godt og vel halvparten av ungdomane i Volda og Ørsta ikkje hadde drukke det siste året eller aldri. ”Fråhaldsandelene” er betydeleg lågare enn på landsbasis. På alle dei andre ”drikkefrekvensgruppene” er det ein klart høgare prosentdel av N2002-respondentar enn Volda/Ørsta-respondentar. Det er ikkje signifikant skilnad på ørsta- og voldaungdomane.

I spørjeskjemaet hadde vi med spørsmål om mors og fars drikkevanar, og vi analyserte respondentane sine drikkevanar i høve til dette. Analysen gav grunnlag for å setje opp figuren nedanfor. Prosentane angir ja-prosenten på spørsmålet ovanfor, gruppert etter om/kor ofte mor og far drikk.



Figur 12. Eigne drikkevanar etter foreldras drikkevanar. %.

Av figuren går det fram at det mellom dei som hadde ein far som ikkje drikk, var 25 % som sjølve ein eller annan gong hadde vore tydeleg rusa. Det var 40 % som sjølve hadde vore rusa blant dei som hadde ein far som drakk ”ein sjeldan gong”. Mellom dei som hadde ein far som drakk ein gong i veka eller oftare, var det tilsvarende talet 51 %. Vi ser altså at det at ein ungdom har ein far som drikk ein eller fleire gonger i veka, doblar sannsynlegheita for at ungdommen sjølv drikk, samanlikna med dei som har fedrar som ikkje drikk. Vi ser av figuren at mors drikkevanar hadde om lag den same effekten, men var litt svakare.⁹ Vi kan ut

⁹ Pearsons korrelasjonskoeffisient var på 0,166 mellom egne drikkevanar og fars drikkevanar og på 0,124 i høve til mors drikkevanar.

frå dette konkludere med at foreldra sine alkoholvanar har ei påverkande kraft på dei unge sine alkoholvanar. I N2002-materialet finn vi den same effekten.


Men det er sjølvsagt ikkje berre foreldra som påverkar dei unges rusvanar. Vi veit frå andre samanhengar at vener kan ha ei minst like stor påverknadskraft. Vi hadde med eit spørsmål i skjemaet som gjer det mogleg for oss å måle denne effekten: ”*Tenk på din beste venn. Kryss av dersom han/ho drikk til vanleg alkohol så ofte som ein gong i veka.*” Det viste seg at mellom dei ungdomane som svarta at dei hadde ein bestevenn som drakk så ofte, så var det 81 % som svarta at dei sjølve hadde drukke så mykje alkohol at dei hadde kjent seg tydeleg rusa. Det tilsvarande talet for dei som **ikkje** hadde ein bestevenn som drakk så ofte, var 33 %. I tabellen nedanfor har vi stilt saman foreldras drikkevanar, bestevenns drikkevanar og respondentens eigne drikkevanar målt med variabelen ”*Har du nokon gong drukke så mykje at du kjende deg tydeleg rusa?*”. Dei to første variablane nyttar vi som uavhengige og den sistnemnde som avhengig variabel.

Tabell 14. Bestevenn og foreldres innverknad på eigne drikkevanar. %.

Bestevenn drikk ein gong i veka eller oftare			
Ja		Nei	
Foreldre drikk		Foreldre drikk	
<i>Ja</i>	<i>Nei</i>	<i>Ja</i>	<i>Nei</i>
84	76	52	21


Tala i tabellen gir oss grunnlag for å berekne effektane av dei to uavhengige variablane på den avhengige. Effekten av ”bestevenns drikkevanar” vert: $[(84 - 52) + (76 - 21)]/2 = 43,5$. På tilsvarande måte vert effekten av foreldras drikkevanar: $[(84 - 76) + (52 - 21)]/2 = 19,5$. Det å ha ein bestevenn som drikk ein gong i veka eller oftare har altså ein mykje sterkare effekt på respondentens drikkevanar enn om foreldra drikk eller ikkje. Det kan tenkjast at det er ein alderskomponent i dette, dvs. at effekten av veners drikkevanar aukar med alderen, og at effekten av foreldras drikkevanar minkar. Men på dette punktet er talmaterialet vårt for spinkelt for vidare analysar.

Vi var også interesserte i å undersøke om alkoholvanane hadde nokon samanheng med livskvalitet, slik dette er definert lenger framme i denne rapporten. Figuren nedanfor er spesifisert i høve til klassetrinn. Kvar søyle i figuren summerer opp andelen som har ”god” og ”middels” livskvalitet, og som vi ser er det to søyletypar: Den eine typen representerer dei som svarta ”ja” på spørsmålet ”*Har du nokon gong drukke så mykje at du kjende deg tydeleg rusa?*” (”ikkje-fråhaldsperson”), og dei som svarta ”nei” på det same spørsmålet (”fråhaldsperson”).



Figur 13. Andel som hadde god/middels livskvalitet etter klassetrinn og alkoholvanar %.

Figuren viser at det på alle klassetrinna er slik at dei som er fråhaldspersonar har betre livskvalitet enn dei som ikkje er det. For både "fråhaldspersonar" og "ikkje-fråhaldspersonar" ser vi at livskvaliteten, slik vi her har definert omgrepet, vert dårlegare oppover i klassetrinna. "Kva drikk du vanlegvis når du drikk alkohol?", var eitt av spørsmåla vi stilte, og figuren nedanfor gjengir svara på dette spørsmålet, relatert til kjønn.¹⁰




Figur 14. Drikkevanar etter kjønn. %.

Figuren viser ein klar skilnad mellom gutar og jenter når det gjeld kva dei drikk. Gutane drikk helst øl. Halvparten av gutane (52 %) svarar at dei vanlegvis drikk øl når dei drikk alkohol. Berre ein femtedel (22 %) av jentene svarar dette. Den mest populære drikk mellom jentene er brennevin. Ein tredjedel (33 %) av jentene svarar at dei vanlegvis drikk dette. Vi merker oss også at det er ein større andel av jentene enn av gutane som svarar at dei vanlegvis drikk heimbrent (17 mot 8 %). Det er altså ein klar tendens til at jentene, i større grad enn gutane, helst drikk dei sterke alkoholdrikkane.

Det same spørsmålet som ovanfor, "Kva drikk du vanlegvis når du drikk alkohol?", relaterte vi også til bustad, og på det grunnlaget kunne vi så setje opp figuren nedanfor.

¹⁰ Dette spørsmålet vart ikkje stilt i N2002.



Figur 15. Ungdommens drikkevanar etter bustad. %.

Øl er meir vanleg mellom voldaungdomane enn mellom ørstaungdomane. Det har nok samanheng med at øl er lettare tilgjengeleg i Volda enn i Ørsta. I Ørsta er det ølmonopol, medan det i Volda er butikksal. Forklaringa på at rusbrus er meir vanleg i Ørsta enn i Volda må vere denne: På det tidspunktet undersøkinga vart gjennomført – i slutten av mars 2003 – hadde enno ikkje matvarebutikkane begynt å ta inn rusbrus i sitt vareassortiment, men rusbrus var tilgjengeleg på ølmonopolet i Ørsta. Elles legg vi merke til at både heimbrent og brennevin er meir vanleg mellom ørstaungdomane enn mellom voldaungdomane

Det er eit viktig mål for alkoholpolitikken å hindre at alkohol blir for lett tilgjengeleg. Derfor er det restriksjonar i høve til korleis, til kven, og når alkohol kan bli seld, og derfor kan det vere av interesse å sjå på korleis respondentane våre skaffar seg drikkevarer. Tabellen nedanfor fortel litt om dette.

Tabell 15. Korleis elevane skaffar seg alkoholhaldige drikkevarer etter kjønn. %.

	Gutar	Jenter	Totalt
Kjøpt øl sjølv i butikk**	27	6	16
Kjøpt rusbrus sjølv i butikk**	17	7	12
Kjøpt sjølv på polet	6	4	5
Drukke på utestad (diskotek, bar, pub eller liknande)	41	33	36
Fått av mor eller far	33	19	21
Teke heime (utan lov)**	52	37	44
Fått eller kjøpt av andre ungdommar	80	84	82
Kjøpt av andre vaksne	32	42	37
Fått tak i alkohol på andre måtar	37	38	37

Tabellen inkluderer dei som har kryssa av for at dei har fått tak i den aktuelle alkoholhaldige drikkevara minst ein gong, og uttrykker dette i %. Vi ser at den klart mest vanlege måten å skaffe seg alkoholhaldig drikke på, er ved å få eller kjøpe av andre ungdommar. Dette indikerer at alkoholbruken til dei unge er sterkt kopla til samvær med jamaldringar, til dei sosiale nettverka som ungdomane er delar av.

For både gutane og jentene sitt vedkomande ser vi at den nest mest vanlege "kjelda" er heimen, altså at dei får/tar alkoholhaldige drikkar heime, enten med, utan eller mot foreldras samtykke. Dette indikerer at foreldra, til ein viss grad og i den grad dei ynskjer det, kan påverke drikkevanane til ungdomane sine.

Av tabellen går det fram at gutar og jenter har litt ulik profil når det gjeld å skaffe seg drikkevarer. For alternativa ”Kjøpt øl sjølv i butikk”, ”Kjøpt rusbrus sjølv i butikk” og ”Teke heime (utan lov)” er det signifikante skilnader (på 0,01-nivået). Gutane bruker desse metodane for å skaffe seg drikkevarer i langt større grad enn jentene.

Rus endrar åtfærd. Dette er eit velkjent fenomen, som det av og til vert fokusert på, først og fremst i samanheng med risikoåtfærd og ulukker. Men det er også ei vanleg oppfatning og erfaring at dei sosiale evnene vert forbetra ved bruk av alkohol. Vi stilte spørsmål om dette, og svara er i samantrengt form gjengitt i tabellen nedanfor. Spørsmålet var slik: ”Kor ofte har du dei siste 12 månadene opplevd følgjande i samband med at du har drukke alkohol?” Tala i kolonne to viser kor stor prosentvis andel av alle ungdomane som hadde opplevd den aktuelle situasjonen ein eller fleire gonger.

Tabell 16. Rusrelatert åtfærd. Andel som har opplevd dette etter kjønn.%.


Nr.		Gutar	Jenter
1	Hamna i slåsskamp**	31	14
2	Krangla, oppført deg dårleg eller gjort andre vondt	28	34
3	Vore på ein stad og ikkje huska korleis du kom dit	42	34
4	Skada deg eller blitt utsett for ei ulykke	22	21
5	Vore meir morosam og glad enn du er elles **	74	85
6	Fått betre kontakt med andre menneske**	75	87

Ein nokså stor del av respondentane våre har vore involvert i slåsskamp eller annan form for risikoprega aktivitet som følgje av alkoholrus, og dei har vore involvert i slik åtfærd i større grad enn N2002-ungdomane. (Dei fire førstnemnde variablane). Også på det vi kan kalle ”humørvariablane”, variabel 5 og 6, kjem VØ-ungdomane ut med større prosentdelar enn N2002-ungdomane.

For tre av åtfærdstypene i tabellen ovanfor er det signifikante skilnader på gutar og jenter (alle på 0,01-nivået), variabel 1, 5 og 6. Vi ser at det er ein dobbelt så stor andel gutar som jenter som har kome i slagsmål på grunn av alkoholbruk dei siste 12 månadene (31 mot 14 %). Ein større andel av jentene enn gutane svarar at dei har vorte meir morosame og glade (85 mot 74 %), og det er også ein større andel mellom jentene enn gutane som svarar at dei har fått betre kontakt med andre menneske som konsekvens av alkoholbruk (87 mot 75 %).

7.3. Narkotika

Figuren nedanfor fortel i kor stor grad respondentane har fått tilbod om og brukt ulike narkotiske stoff.



Figur 16. Tilbod om og bruk av narkotiske stoff. %.

Figuren viser at 14 % av respondentane hadde blitt bydd cannabis, dvs. marihuana eller hasj, men berre tredjeparten av desse (5 %) hadde brukt dette. Det er ingen signifikant skilnad mellom gutar og jenter når det gjeld å ha fått tilbod om eller å ha brukt cannabis. Ein betydeleg større andel av ungdomane i N2002 hadde fått slikt tilbod og også brukt. Vidare ser vi at 9 % har fått tilbod om LSD, men at ingen hadde brukt det. Elles ser vi at prosentane både for dei som har fått tilbod om og brukt narkotiske stoff, er svært låge.

I VØ-materialet er det til saman 52 elevar som har brukt eit narkotisk stoff, dvs. eitt av dei stoffa som er omtalte i figuren ovanfor. 36 av desse hadde gjort det berre ein gong, men dei 16 andre hadde gjort det fleire gonger.

Det viser seg at livskvaliteten til dei respondentane som ikkje har brukt noko narkotisk middel, er klart betre enn dei som har gjort det. Berre 18 % av dei som tilhøyrrer den førstnemnde gruppa, kjem i kategorien ”dårleg livskvalitet”, medan heile 48 % av dei som har brukt narkotika, kjem i denne kategorien.

8. Problemåtfærd

Vi formulerte nokre påstandar om det vi med eit stikkord kan kalle problemåtfærd. Formuleringa var slik: ”Har du vore med på eller gjort noko av dette det siste året – dei siste 12 månadene?” Svare er summerte opp i tabellen nedanfor. Kolonnen til høgre i tabellen gir uttrykk for kor stor prosentvis andel av ungdomane som har vore involvert ein eller fleire gonger i dei aktivitetane som er lista opp.

Tabell 17. Problemåtfærd etter kjønn. %.

Nr.	Handling	Gutar	Jenter	Totalt
1	Hatt ein kraftig krangel med ein lærar	34	31	33
2	Blitt sendt ut av klasserommet**	32	15	24
3	Stole pengar eller ting frå nokon i familien din**	23	32	27
4	Teke saker til ein verdi av mindre enn 500 kr frå butikk eller kiosk utan å betale	10	9	9
5	Banna til ein lærar**	52	36	44
6	Med vilje øydelagt eller knust vindaugsruter, bussete, telefonkioskar, postkasser eller liknande**	18	6	12
7	Blitt kalla inn til rektor for noko gale du har gjort**	18	8	13
8	Lurt deg frå å betale på kino, buss, tog eller liknande	33	34	34
9	Vore borte ei heil natt utan at foreldra dine visste kvar du var, eller at du sa at du var ein annan stad enn der du verkeleg var	23	22	23
10	Stole bil eller motorsykel**	6	2	4
11	Stole noko til ein verdi av meir enn tusen kroner**	5	1	3
12	Gjort hærverk eller skade for meir enn tusen kroner**	9	2	6
13	Brote deg inn for å stele noko**	6	1	3
14	Slått eller trua med å slå nokon**	28	13	21
15	Vore i slåsskamp der du har brukt våpen (for eksempel kniv)	2	1	2
16	Slått eller sparka nokon	41	36	38
17	Klort eller lugga nokon**	24	47	35
18	Trua med å skade nokon**	33	15	24
19	Vore i kontakt med politiet på grunn av noko ulovleg du har gjort**	10	5	7
20	Drukke så mykje at du har følt deg tydeleg rusa	33	38	36
21	Drukke heimebrent eller smuglarsprit	23	28	25
22	Sniffa	4	3	4
23	Brukt hasj eller marihuana	5	6	5
24	Brukt andre narkotiske stoff som kokain, LSD, ecstasy, amfetamin, heroin, eller noko anna	3	2	2
25	Brukt tablettar (legemiddel) for å få rus	2	4	3
26	Køyrt bil eller moped/motorsykel i fylla**	11	4	7
27	Har ”tagga” eller grisa til ting med skrift	15	12	14

Dersom vi ser på einskildpunkta ovanfor og samanliknar desse med tal frå N2002, er alle skilnader små, men dersom vi summerer opp dei små skilnadene, vert sluttinntrykket noko

annleis: Det viser seg at prosentandelen i N2002 er høgare enn i VØ når det gjeld 20 av dei handlingane som er nemnde i tabellen, lågare for 4 handlingstypar, og likt for ein type. Vi tolkar dette slik: Det er mindre av det som vi her har kalla problemåtferd mellom ungdom i Volda og Ørsta enn det vi finn på landsbasis i dei same ungdomsgruppene.

Elles ser vi – ikkje heilt overraskande – at gutane er involvert i ”problemåtferd” i klart større grad enn jentene. Dersom vi ser nærare på dei ulike handlingstypane i tabellen der det er signifikante skilnader på gutar og jenter, ser vi at det er høgare andel gutar på 12 av dei 14 handlingstypane.

9. Samandrag

- Grunnlagsmaterialet for undersøkinga er data samla inn ved hjelp av spørjeskjema i ein skuletime på ungdomsskulane og første klasse vidaregåande skule i Ørsta og Volda. 963 fylte ut skjemaet. (Svarprosent: 89.) 46 % av elevane budde i Volda og 54 % i Ørsta. 52 % var gutar og 48 % jenter. Resultata vert samanlikna med svara i ei landsomfattande representativ undersøking.
- 79 % av elevane i Ørsta budde saman med begge foreldra sine. Det tilsvarande talet for voldaelevane var 74 %.
- ”Idrettslag” er den klart mest populære organisasjonstypen. Nesten halvparten av elevane svarar at dei er medlem i ein slik organisasjon. På andre plass kjem ”fritidsklubb” og ”musikkorps, kor, orkester”.
- 10 % av 8.-klassingane brukar mindre enn ein halv time på skulearbeidet. I 1. klasse vidaregåande: 53 %.
- Jentene er langt mindre tolerante i høve til bråk i klassen enn gutane. Men det er eit fleirtal både mellom gutane og jentene som meiner at lærarane kunne ha vore strengare mot elevar som bråkar i timane.
- Jentene er meir ”skulepositive” enn gutane.
- Jentene er meir orienterte mot høgskule-/universitetsutdanning enn gutane.
- 40 % av gutane og 27 % av jentene vil heller arbeide enn å gå på skule.
- Mellom voldaelevane er det ei klart sterkare orientering mot akademisk utdanning enn det er mellom ørstaelevane, 30 mot 19 %.
- Det er ein betydeleg høgare andel mellom gutane enn mellom jentene som svarar at dei har lyst til å busetje seg på heimstaden sin.
- Det er ein høgare andel av ørstaelevane som har lyst til å busetje seg på heimstaden sin enn det er mellom voldaungdomane.
- Jenter knyter nære venskapsband til få, medan gutar knyter svakare band til fleire.
- 27 % av jentene hadde det som i denne rapporten vert definert som ”dårleg livskvalitet” mot berre 14 % av gutane.
- 24 % av voldaelevane svara at dei hadde ”blitt slått utan å få synlege merke” mot 19 % av ørstaelevane, og 13 % av voldaelevane svara at dei hadde blitt utsett for ”vald som førte til merke eller skadar utan at du trengte legehjelp” mot 8 % av ørstaelevane.
- 41 % av respondentane svara at dei driv med aktiv idrett og deltar i konkurransar. 28 % svara at dei spelar eit musikkinstrument regelmessig, og 20 % er med i eit band, kor, orkester, song- eller musikkgruppe.
- Fritidstilboda i Ørsta får langt betre karakter enn i Volda.
- Ynskje om nye fritidstilbod er først og fremst knytte til helgane. Laurdag er nemnt av flest. Deretter kjem fredag og sundag.
- 9% av respondentane røykjer dagleg.
- Det er ein større andel av voldaungdomane enn av ørstaungdomane som røykjer dagleg, 12 mot 7 %, men det er ingen skilnad på jenter og gutar.
- Dersom fedrane røykjer dagleg, vert sjansen for at deira ”avkom” også røykjer dagleg meir enn fordobla, samanlikna med dei som har fedrar som aldri røykjer.
- 41 % av respondentane svara ”ja” på spørsmålet om dei nokon gong hadde drukke så mykje at dei hadde blitt ”tydeleg rusa”, 43 % av jentene og 39 % av gutane.

- Mellom dei som svara at religionen var viktig for dei, var det 30 % som svara ”ja” på spørsmålet om dei nokon gong hadde drukke så mykje at dei hadde blitt ”tydeleg rusa”. Det tilsvarande talet for dei som svara ”uviktig” på det same spørsmålet, var 44 %.
- Det at ein ungdom har ein far som drikk ein eller fleire gonger i veka, doblar sannsynlegheita for at ungdommen sjølv drikk, samanlikna med dei som har fedrar som ikkje drikk.
- Dess betre livskvaliteten er, dess mindre er sannsynlegheita for at ungdommen drikk.
- Gutane drikk helst øl mot berre ein femtedel av jentene. Det er ein klar tendens til at jentene, i større grad enn gutane, drikk brennevin og heimbrent.
- Øl er meir vanleg mellom voldaungdomane enn mellom ørstaungdomane.
- Heimbrent og brennevin er meir vanleg mellom ørstaungdomane enn mellom voldaungdomane.
- 14 % har fått tilbod om cannabis og 5 % svarer at dei har brukt dette.
- Til saman 52 elevar har brukt eit narkotisk stoff. 36 av desse har gjort det berre ein gong, men dei 16 andre har gjort det fleire gonger.
- Det er mindre problemåtferd mellom ungdom i Volda og Ørsta enn det vi finn på landsbasis.

Vedlegg

- Vedlegg 1: Spørjeskjema (15 s.)
- Vedlegg 2: Brev til foreldra (1 s.)
- Vedlegg 3: Brev til læraren (1 s.)

Ung i Volda og Ørsta 2003

Spørjeskjema om dei unge sin situasjon i Volda og Ørsta

Kvar bur du? Volda sentrum Volda utkant Ørsta sentrum Ørsta utkant

Er du gut eller jente? Gut Jente

Kva skule går du på?

- Ørsta vidaregåande skule
- Ørsta ungdomsskule
- Vartdal skule/Sæbø skule
- Volda vidaregåande skule
- Volda ungdomsskule
- Austefjord skule/ Dalsfjord skule/Folkestad skule

Kva klasse går du i?

- 8. klasse
- 9. klasse
- 10. klasse
- 1. klasse vidaregåande skule

Kor gammal er du?

- 12 år
- 13 år
- 14 år
- 15 år
- 16 år
- 17 år
- 18 år
- 19 år eller eldre

For dei som går på vidaregåande skule:

Kva studieretning går du på?

- Allmenne, økonomiske og administrative fag
- Byggfag
- Elektrofag
- Formgivingsfag
- Hotell- og næringsmiddelfag
- Helse- og sosialfag
- Musikk, dans og drama
- Mekaniske fag
- Sal og service
- Media og kommunikasjon

Er du født i Noreg? Ja Nei

Kven bur du saman med no?
Set **eitt** kryss

- Mor og far
- Berre mor
- Berre far
- Mor og hennar sambuar eller ektefelle
- Far og hans sambuar eller ektefelle
- Om lag like mykje hos mor og far
- Fosterforeldre
- Ingen (bur aleine)
- Saman med sambuaren min
- Anna

Kor mange gonger har familien din flytta så langt at du måtte byte skule? Set **eitt** kryss

- Aldri
- 1 gong
- 2 gonger
- 3 gonger
- 4 gonger eller meir

Kor god råd synest du familien din har samanlikna med andre familiar **der du bur**? Set **eitt** kryss!

- Mykje betre råd
- Litt betre råd
- Om lag som andre
- Litt dårlegare råd
- Mykje dårlegare råd

Når du er saman med venner/kameratar, er du da som oftast saman med:
Set **eitt** kryss!

- Ein eller to faste
- Ein eller to faste som ofte er med i ein gjeng av ungdommar
- Ein gjeng som held saman
- Nokså tilfeldig kven eg treffer på
- Er ikkje så ofte saman med jamaldringar
- Anna

Kor interessert er du i samfunnsspørsmål?
Set **eitt** kryss!

- Svært interessert
- Ganske interessert
- Ikkje særleg interessert
- Absolutt ikkje interessert

Har du høyrte om ungdomsrådet (i Ørsta)?

- Ja
- Nei

Veit du kva ungdomsrådet driv med/skal drive med?

- Ja
- Nei

Nedanfor er det skildra ulike måtar ungdommar kan ha opplevd foreldra sine på i oppveksten. Kor godt stemmer utsegnene som følgjer for deg? *Dersom foreldra dine er veldig forskjellige, eller du ser den eine mykje meir enn den andre, tenk på den av foreldra dine som du er mest saman med. Set eitt kryss på kvar linje!*

	Stemmer svært godt	Stemmer nokså godt	Stemmer nokså dårleg	Stemmer svært dårleg
Foreldra mine likar at eg har teke mine egne avgjerder	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine prøver å kontrollere alt eg gjer	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine vernar meg for mykje	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine snakkar ikkje noko særleg med meg	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine forstår problema mine og det eg er uroleg for	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine hjelper meg så mykje som eg treng	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine brukar for lite tid saman med meg	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine bryr seg ikkje om meg i det heile tatt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Kor godt stemmer utsegnene som følgjer for deg? <i>Set eitt kryss på kvar line!</i>	Stemmer heilt	Stemmer nokså godt	Stemmer omtrent	Stemmer nokså dårleg	Stemmer ikkje i det heile tatt
Foreldra mine veit temmeleg godt kven eg er saman med i fritida	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine snakkar ofte om kor flink eg er	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine er skuffa over meg	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Når eg fortel foreldra mine om noko, kjenner eg verkeleg at dei tek meg på alvor	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine spør ofte korleis eg har det på skulen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine spør ofte kven eg er saman med og kva eg driv med når eg er ute	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Når eg har vore ute ein kveld, fortel eg foreldra mine kva eg har drive med, sjølv om dei ikkje spør	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Etter at eg har fått karakter på prøver og innleveringar, fortel eg foreldra mine korleis det har gått	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg prøver å halde mesteparten av fritida mi skjult for foreldra mine	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg kranglar ofte med foreldra mine	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Det er ofte krangling mellom dei vaksne i familien min	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine er svært interesserte i skulearbeidet mitt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine synest eg bør vere blant dei beste elevane i klassen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine synest det er viktig at eg tek vidare utdanning etter fullført vidaregåande skule	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreldra mine synest det er viktig at eg får ein jobb der eg kan tene mange penga	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Er du, eller har du vore, medlem av nokre av dei foreiningane, klubbane eller laga som er nemnde nedanfor?
Set kryss i dei rutene som passar.

	Er medlem	Har vore medlem
Motorklubb	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Avhaldsorganisasjon	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fritidsklubb	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Idrettslag	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Supporterklubb	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Politisk organisasjon	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kristeleg eller anna religiøs foreining	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ungdomslag, mållag, 4H e.l.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Raudekrossen, Norsk folkehjelp e.l.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Musikkorps, kor, orkester	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Foreining for dyrehald (hundar, kaninar, akvarium, riding, e.l.)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Hobbyklubb (frimerke, sjakk, måling/teikning e.l.)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Speiaren	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Jakt- og fiskeforeining	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Rollespel-klubb	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Miljøvernorganisasjon	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Annan organisasjon/foreining	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Kor mange timar bruker du gjennomsnittleg **per dag** på lekser?
Set **eitt** kryss!

- Gjer aldri eller nesten aldri lekser
- Mindre enn ½ time
- ½ -1 time
- 1 – 2 timar
- 2 – 3 timar
- 3 – 4 timar
- Meir enn 4 timar

Siste gong du fekk karakterar i karakterboka, kva karakterar fekk du då i: Set **eitt** kryss på kvar line!

	0	1	2	3	4	5	6
Norsk skriftleg	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Matematikk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Engelsk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Nedanfor er det nokre påstandar om korleis det er å gå på skulen, og korleis skulen burde vere.
Set **eitt** kryss på kvar line!

	Heilt samd	Litt samd	Litt usamd	Heilt usamd
Å få gode karakterar er viktig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lærarane burde vere strengare mot elevar som bråkar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Det er for mykje teori og for lite praktisk opplæring i skulen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skulen kjem godt med uansett kva eg skal drive med seinare	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vi lærer mykje spennande på skulen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg gruer meg ofte til å gå på skulen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Lærarane våre er flinke til å undervise	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Elevane har ingen innverknad på viktige avgjerder i skulen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Å møte venner er viktigare for meg enn å lære alt og gjere det godt på skulen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Det er alt for mykje bråk og uro i timane	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg synest at lærarane mine gir meg for lite merksemd	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg trur eg kjem til å få store problem med å skaffe meg arbeid sjølv om eg tek utdanning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
